

Magne Straume
Slettevegen 1331
5939 SLETTA

Straume 17.april 2015.

Radøy Kommune
v/ ordfører Jon Askeland
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Saka gjeld riving av Straume Grendahus ; tidlegare Straume skule.

Syner til sak 73/00 som omhandlar søknad om riving av Straume Grendahus. Som siste formann i laget, må eg ta fatt i dette.

Hovedutvalet vedtok 28.06.00 å utsetja saka. I brev datert 28.02.2001, underteikna av rådmann Asbjørn Brandtun og skogbrukssjef/miljøvernleiar, Asbjørn Nagell Toft er det ønske frå Radøy Kommune å få overtaka vederlagsfritt. Riveløyve vart difor ikkje gjeve. Styret i Straume Grendahus svara med brev, datert 01.04.2001, der ein er positiv til at Radøy kommune overtok huset vederlagsfritt. Det vart og i brevet bede om ei snarleg avgjerdsle, fordi huset var svært skjemmande, og utsett for raskt forfall.

Dette er 14 år sidan, og huset er no så forfalle at delar; bl.a. uthuset har rasa saman. Fleire fryktar at nokon kan verta skada av ting som ramlar ned.

Eg vil be om eit møte med Radøy Kommune, ved dei etatar som kan ha noko med dette å gjera. Det er vel heilt klart at einaste løysinga no er riving.

Eg kan nåast på e-post makjell@online.no, eller telefon 93019109.

Imøtser snarleg svar.

Med venleg helsing


Magne Straume